

FOSSEKALLEN

AV Hilde Myklebust  ILLUSTRERT AV Inger Lise Belsvik

«TUT TUT TUTTERUTT TUUUUUT!»

Eg bråvaknar av ein underleg lyd rett utanfor huset. Kva i alle dagar var det der?

Eg gnir litt søvn ut av auga og kikar meg rundt.

Ein høg melodi tutar i veg med korte støytar der ute. Kva skjer?

Så kjem eg på at det er noko med denne dagen som eg skulle hugse.

Men kva? Har eg bursdag?

Eg set meg opp i senga og dreg gardina til sides. Då ser eg pappa stå og heise flagget opp i flaggstonga, han står rank og rett og ser stolt ut. Ved sida av han ligg mobilen hans og spelar denne tute-musikken.

Når flagget er oppe og festa, tek pappa nokre steg bakover og ser opp på flagget som vinden har teke tak i og strekt ut. Det bølgjer og leikar, raudt og kvitt og blått. Pappa får eit smil i fjeset, det liknar smilet han brukar å få når eg seier eg er glad i han eller gjev han noko eg har laga.

Endeleg hugsar eg kva eg skulle hugse på.

Små stjerner eksploderer inne i hovudet mitt: Det er jo 17. mai i dag!

Det er ikkje bursdagen *min*, det er Noreg sin bursdag.

Kroppen min berre sprett opp av senga, og no ser eg flagget mitt på teiknebordet også. Det som eg laga på førskuleklubben. Sterkt og tjukt i fargane, for eg tok i noko så skikkeleg med fargestiftane. Vi teikna flagga våre på to små ark, og så limte vi dei saman på ein pinne. Mange forskjellige, og alle vart så fine.

Eg tek opp flagget og kjenner med fingrane over den glatte flata som er gnidd inn med farge. Så legg eg det mot kinnet og klemmer det hardt.

Det er kjølig og mildt mot huda.

Eg opnar vindaugget og viftar med flagget mot pappa som framleis står der og glanar.

«Pappa! Hipp, hipp hurra!»

Pappa smiler og vinkar mot meg.



«Gratulerer med nasjonaldagen! Likte du fanfaren eg spelte?»

«Farfaren? Ja, litt rar. Og litt høg?»

Pappa flirer.

«Ja, det er jo farfaren på ein prikk, det. Kom ut, så går vi ein tur ned til elva før frukost.»

«Før frukost?»

«Vi skal jo til besta, veit du. Godsakene går jo i tog på det frukostbordet der.»

«Nei, kor fin du er, då, har du alt pynta deg?» spør pappa når eg kjem ut. Han stryk meg over kinnet. Eg legg handflata mot det, og kjenner den seige fargen frå flaggklemmen.

«Ja», ler eg, «eg har visst det!»

Eg tek pappa si hand, og så tuslar vi over marka mot elva. Det spirer og gror overalt, og det luktar liksom grønt. Morgonen er så full av fuglesong. Eg ser sola oppe på fjella, korleis ho kryp nedover til oss. Det er blankt og stilt, og det gjer meg så glad i kroppen. Eg dreg pusten medan vi går, kjenner at føtene vil springe, hoppe og bykse og danse som eit lite lam over markene, fordi det er noko i meg som er så lett, så lett.

«Sistemann!» ropar eg og legg i veg. «Håh!» seier pappa, og så kjem han etter. Joggeskoa mine er laga av luft, for eg fyk framover. Eg strekkjer ut armane og fangar vinden som kjem imot meg.

Langs elva veks kvitveisen. Han ser blyg ut, tør ikkje opne seg heilt før sola kjem. Eg legg meg på magen og bøyer meg fram over elva for å ta ein sup av det klare vatnet. Då ser eg spegelbiletet mitt. Det raude, kvite og blå på kinnet. Litt som når mamma gjev meg eit kyss og har leppestift på, har flagget mitt kyssa meg på kinnet i dag. Eg ser meg sjølv i vatnet og ler.

Noko fangar blikket mitt. Ein svart og kvit fugl sit i elva på ein liten stein og dukkar og kniksar. Det ser ut som han takkar og bukkar til alt rundt seg, medan han let det kalde vatnet risle over seg.

«Sjå på han der», seier eg, «badar allereie, sjølv om det berre er mai og snøen ikkje har smelta i fjella!»

«Ja, det er fossekallen, det der. Han er ein tøffing. Han er faktisk Noreg sin nasjonalfugl, visste du det?»

«Nasjonalfugl? Kva er det?»

«Det er på ein måte det same som at vi har ein nasjonaldag. Som er i dag! Vi pyntar oss og kosar oss i lag og feirar at Noreg er eit fritt land. Fossekallen er

fuglen vår. Og no ser vi kanskje kvifor, der han sit i fossestryket i kalde våren og boltrar seg i all si glede. Fri som fossekallen, er vi. Ser du?»

Eg ser på fuglen. Ja, han ser glad og fri ut. Blanke vassperler rislar over ryggen på han. Sola dukkar fram, og når ho skin på han, vert han så mjuk og brun i fjørene.

Kor fin han er. Nasjonalfuglen vår.
At eg trefte på han, på 17. mai!
Det boblar kring hjartet.

Brått slepper fossekallen ut
vengene, og så flyg han
av garde med ein liten,
tutande *farfare*,
rett inn i våren.

Så glad.
Og så fri.

